

Fråsegn frå Sogn og Fjordane Mållag om ny regionen på vestlandet

Styret i Sogn og Fjordane Mållag var samla til styremøte på Skei 17.01.17 og der vart namnet på den nye regionen på Vestlandet diskutert. Følgjande fråsegn vart vedteken:

Namnet må bli Bjørgvin

Sogn og Fjordane Mållag registrerer at det er inngått intensjonsavtale om samanslåing av fylka Sogn og Fjordane og Hordaland.

Vi er svært nøgde med at nynorsk er vedteke som administrasjonsspråk i den nye regionen, men vi er mindre nøgde med namnet som forhandlingsdelegasjonane er blitt samde om.

Vestlandet omfattar i dag fire fylke; Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. To av desse har altså vedteke samanslåing og samtidig bestemt seg for å legge beslag på fellesnemnaren Vestlandet. Dette blir etter vårt syn heilt feil, då halvparten av Vestlandet står utanfor.

Vi dristar oss til å hevde at det å bruke Vestlandet som namn, er både fantasilaust og historielaut. Det finst andre namn som er mykje meir dekkande enn Vestlandet.

Vi vil minne om at Hordaland og Sogn og Fjordane var eitt amt fram til 1763, og at namnet var Bergenhus amt. Vi kjem no tilbake til utgangspunktet, det gamle amtet, og det kunne såleis vere freistande å føreslå Bergenhus som namn på den nye regionen.

Men det finst eit anna namn som er minst like historisk korrekt, nemleg **Bjørgvin**. Namnet finst i skriftlege kjelder frå 1349 og i andre former av namnet endå lenger tilbake. Bjørgvin har også vore namn på bispedømet som i dag omfattar Hordaland og Sogn og Fjordane, offisielt frå 1918, men eigentleg mykje lenger.

Eit namn som har overlevd Svartedauden er godt kvalifisert til å bli namnet på den nye regionen.

Med Helsing

Sogn og Fjordane Mållag

Aud Lunde (leiar)

Ivar Føyno,
Postboks 25 Blomsterdalen,
5868 Bergen.



14.02.2017

Hordaland fylkeskommune
V/ Fylkesordføreren.

Det er mykje som talar for at Sogn og Fjordane vert slegen samæn med Hordaland. Vidare er det føreslått at det nye fylket bør heite Vestlandet. Nei, det er eit diffust og ubestemmeleg namn og bør ikkje takast. Eit namn må vera konkret. Ein må vite kvar det er, og kvifor ein har valt det.

Gulen/Gula kan vera eit godt namn, og som har si rot frå før 1300-talet, med Gulatinget ved Eivindvik og Gulatings-lova. Gulen ligg i grenselina mellom våre noverande fylker, og er med og bind fylka saman til eit Gula fylke.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Ivar Føyno'.

Ivar Føyno.

Hordaland fylkeskommune
Thorbjørn Aarethun

Dykkar ref.

Vår ref.
16/446-3/DGI

Dato
19.10.2017

Nytt namn ved samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane

Me viser til førespurnaden frå fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland 25. september 2017, og me seier oss leie for at svaret kjem noko seinare enn det de ønskte. De har bede oss vurdere namnet *Vestlandet* som nytt fylkesnamn ved samanslåing av dei to fylkeskommunane. I denne saka har me fått råd frå konsulentane for stadnamntenesta for Vestlandet.

Språkrådet meiner namnet *Vestlandet* i seg sjølv er godt, men at det vil vera uheldig å bruka det om berre to av fire vestlandsfylke. Andre moglege, men ikkje ideelle, kandidatar for dagens to fylke kunne vera det gamle amtsnamnet *Bergenhus*, bispedømenamnet *Bjørgvin* eller noko som byggjer på det gamle lagtingsnamnet *Gulating*. Dobbeltnamnet *Hordaland og Fjordane* kan òg vurderast. Me seier meir om dei ulike namna nedanfor.

Vestlandet

Namnet *Vestlandet* blir bruka om landsdelen som består av Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. (Nordgrensa er rett nok ikkje heilt fast i alle samanhengar.) Tidlegare var òg dei to agderfylka rekna til Vestlandet, men dette gjekk ut av bruk på 1900-talet da *Sørlandet* voks fram som eige namn på denne sørlege delen av landet.

Om alle dei fire vestlandsfylka hadde blitt eitt storfylke, ville *Vestlandet* ha vore eit opplagt val. Hadde tre av fire fylke vore med, kunne det nok òg forsvarast. Men å avgrensa Vestlandet til det som i dag er to fylke, bryt med tradisjonell språkbruk. Reiser ein til Vestlandet, kan målet like gjerne vera Sauda og Ørsta som Førde og Voss. Det vil oppstå ei uheldig dobbeltyding om *Vestlandet* både skal vera namn på eit nytt storfylke og på landsdelen som i dag går over fire fylke. Om me legg innbyggjartala i dei fire fylka til grunn, bur over halvparten av vestlendingane utfanfor dei to fylka som no slår seg saman.

Andre namn

Kva skulle ein elles kunna velja som namn på den nye eininga? Amtsnamnet *Bergenhus* må nemnast. Da fylkesnamna *Hordaland* og *Sogn og Fjordane* blei tekne i bruk i 1919, avløyste dei høvesvis *Søndre-Bergenhus* og *Nordre-Bergenhus*. *Bergenhus* blei oppretta som amt i 1671, og seinare blei det altså delt i 1763, med ei vidare utskiljing av Bergen som eige amt i 1831. Namnet er danna på same måte som *Akershus*, etter festningsverket som i dansketida var hovudsete i det aktuelle forvaltningsområdet. Det knyter seg sjølvstilt til byen Bergen, og nett det kan vera det som talar mest imot dette namnet.

Bispedømenamnet *Björgvin*, som dekkjer nettopp dei to fylka Hordaland og Sogn og Fjordane, knyter seg òg til Bergen. Det er ei restituert form av det gammalnorske namnet på byen. Eit gammalt bynamn som fylkesnamn kan vera mogleg, men er ikkje den ideelle erstatninga for gamle områdenamn som *Hordaland* og *Sogn og Fjordane*.

Eit tredje historisk namn på Vestlandet er *Gulatinget*, som no er bruka for Gulating lagmannsrett. Det femnde i gammalnorsk tid først om *Hordafylke*, *Sygnafylke* og *Firdafylke*, altså det området som svarar til den nye regionen. Seinare blei *Gulatinget* eit monaleg større område, som strekte seg over dagens fire vestlandsfylke, dei to agderfylka og delar av Austlandet. I namnet *Gulatinget* er leddet *Gula-* ei gammal genitivsform, jamfør *Horda-* i *Hordaland*. Ei samskriving som *Gulafylke* kunne vera ei mogleg form, men ville i så fall gi dobbelt bruk av *fylke* i ei samansetjing som *Gulafylke fylkeskommune*.

Me nemner òg moglegheita med dobbeltnamn, slik me i dag har i fylkesnamna *Møre og Romsdal* og nett *Sogn og Fjordane*. Det vil kunna vera aktuelt med slike dobbeltnamn òg ved somme av fylkessamanslåingane i den reforma som er i gang. Det er likevel openbert at eit trippelnamn som *Hordaland og Sogn og Fjordane* ikkje kan vera aktuelt. Me nemner difor at før dei nye fylkesnamna blei tekne i bruk i 1919, var det i 1915 framlegg frå Hjalmar Falk og Marius Hægstad i *Utredning om landets inndelingsnavne* om enkeltnamnet *Fjordane* for det som blei *Sogn og Fjordane*. I dette var det ei forståing av at namnet kunne femna om dei tre områda Sunnfjord, Nordfjord og Sogn. («For dette amt vilde efter vor mening et navn som Fjordane (fylke) høve meget godt, da det netop er de flere lange fjorde – som Sognefjorden, Søndfjord og Nordfjord –, der gir dette amt sit særpræg.» (S. 12 hos Falk og Hægstad.)) Me er ikkje trygge på at det lèt seg gjera å finna ei slik sams forståing i dag, men det kunne i så fall gi dobbeltnamnet *Hordaland og Fjordane*.

Konklusjon

Vestlandet er er eit godt namn, men passar dessverre ikkje på eit nytt storfylke der berre om lag halvparten av vestlendingane kjem til å bu. Namn som *Bergenhus*, *Björgvin*, *Gula(fylke)* og *Hordaland og Fjordane* bør nemnast som alternativ, men det kan vera innvendingar mot dei alle. Vårt beste råd ville vera at det blir sett ned eigne namnekomitear for dei nye storfylka der namnet ikkje er opplagt, og at det er med medlemmer med både namnefagleg og politisk kompetanse.

Vennleg helsing

Åse Wetås
direktør

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:
Hordaland fylkeskommune

Fra: Werner Unhjem (wer_un@yahoo.no)

Sendt: 30.10.2017 20:05:04

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: NAVNFORSLAG PÅ SAMMENSLÅINGEN AV FYLKENE HORDALAND og SOGN OG FJORDANE

Vedlegg:

Etter hva jeg har oppfattet, er det ennå strid/uklarhet rundt navnet på det nye storfylket der vest. VESTLANDET synes å stå sterkt; likevel omfatter dette regionnavnet mer enn omtalte fylker.

Derfor ville jeg gjerne fremsette et NAVNFORSLAG som ville kunne sikre at begge fylkene partielt nevnes i selve navnet.

Mitt forslag skulle da være: HORDAFJORD

MVH

WERNER UNHJEM

Fra: Gunneik Langeland (gunneik.langeland@gmail.com)

Sendt: 31.10.2017 13:04:43

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: FORSLAG TIL NAVN PÅ DET NYE FYLKET

Vedlegg:

Hei.

Namna på eksisterande fylke i Noreg fortel om geografisk plassering. Vestlandet som er tenkt å verta fellesnamnet for det nye fylket er ikkje presist nok og kan i mange høve bli misvisande. Vestlandet strekk seg lengre enn berre Hordaland og Sogn og Fjordane. Kva med ei meir presisering : Midt-Vestlandet! Då tek vi omsyn til eit Vestland både sør og nord for det nye fylket.

For langt og tungvint navn? Nei, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har fleire stavinger. Det same har Trøndelagsfylka. Det har hittil funka fint. Det er sikkert ikkje p.g.a. dei lange namna dei to sistnemde skal slå seg saman.

Ellers synes eg at Bjørgvin som det har vore framlegg om er eit fint og brukandes namn.

Mvh.

Laila Langeland
Skjoldhøgda 3
5222 NESTTUN

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10

Anne Gine Hestetun, Pål Kårbø, Jenny Følling, Åshild Kjelsnes

Kjære politikarar

- 1) **Vestlandet.** Det var vel forventat at namnet Vestlandet ville medføra ein del redaksjonar, då Hordaland og Sogn og Fjordane, geografisk, berre omfattar halve Vestlandet.
- 2) **Ei anna form av namnet.** Mange har sans for bruk av namnet "Vestlandet". Kanskje ei anna form av navnet lettare kan bli akseptert - som t. d. "VestLand" (eventuelt "Vest-Land" / "Vest Land" i to ord)? Det blir både ein annan måte skrivemåte og ein annan uttale. Det er vesentleg forskjell på "Vestlandet Fylke" og "VestLand Fylke" , eventuelt "Vest-Land" eller "Vest Land" - fylke).
- 3) **"Good luck"**, vidare i prosessen.

Helsing

Odd Himle

Minnepenn- PRIVAT

Anita Fjellheim

Fra: Aasgeir Vikanes <aasgevi@gmail.com>
Sendt: 3. november 2017 10:22
Til: Fylkesordførar
Emne: Nytt fylke - Namneforslag

Hei,

Hører det er mykje diskusjon ang forslaget til namn på det nye fylket.

Eg synest Vestlandet er eit dårleg forslag men mi meing er at **Fjordane Fylke** hadde vore eit betre namn.

Ikkje nokon anna fylke utanom kanskje Finnmark har fleire fjordar og me har kanskje dei som er mest kjende.

Mvh

Åsgeir Vikanes

Nysætervegen 20

5410 Sagvåg

Mob 46780947

Anita Fjellheim

Fra: albertsen.gunn <albertsen.gunn@eninvest.net>
Sendt: 4. november 2017 09:29
Til: jenny.folling@sfj.no; Fylkesordførar
Emne: Liten namne input

Hei

De har sikkert diskutert namnet til det nye fylket lenge og vel.

Her kjem ein liten input frå ein vanleg bebuar i Norge.

Det finst 4 himmelretningar Nord, Sør, Øst og Vest.

Norge har allerede eit Vestland som vi er stolte av.

Lovverket i Norge regulerer vel kva namn vi kan kalle eit fylke?

Namneloven regulerer kva namn vanlige personer kan heite og alt er ikkje lov.

Kva er vi stolte av på Vestlandet (som i dag omfatter 4 fylke)?

Jau – Øyer, fjell og fjord.

Det er dette turistane kjem for å sjå på , landskapet vårt.

Mitt forslag - FJORDFYLKET , nettopp for det er slik turistar ser på oss.

Eller BJØRGVIN som allerede er ein fellesnemning for dei 2 fylka.

Eller VESTAMT viss vi absolutt må påpeike at vi bur på Vest og amt blei erstatta av namn fylke.

Vennlig helsing

Gunn Tønning Albertsen

Anita Fjellheim

Fra: Anne Charlotte Johansen <anne@ingridbergen.com>
Sendt: 4. november 2017 14:41
Til: Fylkesordførar; jenny.folling@sfj.no
Emne: Navneforslag til det nye fylket!

Kjære fylkesordførere i Hordaland og Sogn og Fjordane,

Jeg leser om navnedebatten som foregår nå i forbindelse med de nye fylkene som skal etableres. Slik det ser ut nå er fylkespolitikere i deres to fylker i ferd med å bestemme seg for navnet Vestlandet. Dette synes som et lite heldig valg da Vestlandet er et regionsbegrep i likhet med Sørlandet, Nord-Norge etc, og det har en generisk aura.

Om jeg kan få lov til å komme med et forslag så vil jeg si at det mest nærliggende navnet vil være Sogn og Hordaland.

Er dette et navn dere har vurdert?

Jeg ser frem til å høre fra dere!

Kind regards/Med vennlig hilsen
Anne Charlotte Johansen
INGRID BERGEN OF NORWAY
Plankedalsvn. 58
N-1389 Heggedal
Norway
T: (+47)99269350
anne@ingridbergen.com

Anita Fjellheim

Fra: Tord V. Heggland <tordvh@hotmail.no>
Sendt: 4. november 2017 21:37
Til: Fylkesordfører
Emne: Navnvalg - det geniale valget!

Hei, jeg heter Tord Vincent Heggland, og er borger i Hordaland. Jeg syns at det nye navnet for fylkene Hordaland, og Sogn og Fjordane (vestlandet) er et lite kreativt og litt diskriminerende navn med tanke på de andre fylkene på Vestlandet. Derfor foreslår jeg at det kan hete Bergenshus istedet. Historisk sett er dette er mer naturlig navn. For Hordaland het før Søndre Bergenshus, og Sogn og Fjordane het Nordre Bergenshus.

Få [Outlook for Android](#)

Fra: Kjell Kjerland (kjell.kjerland@live.no)

Sendt: 04.11.2017 23:39:18

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Regionnamn!

Vedlegg:

Mest til Anne Gine.

Eg ser at valet av namn på 'storfylket' av Sogn og Fjordane og Hordaland møter motbør.

Det er eg gjerne med på.

Då hadde endå «Nordre Bergenhus amt» og «Søndre Bergenhus amt» vore betre. Det finst det endå historisk dekning for.

Kvifor ikkje taka att rette landsnamnet Norveg!

Det er namnet som finst i alle verddspråk. -- --!

Kjell Kjerland,

lagslem i Granvin arbeidarparti.

Fra: Tor Børre Jørpeland (tbjoerp@frisurf.no)

Sendt: 04.11.2017 09:08:35

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Navn på nytt fylke.

Vedlegg:

Hei.

Jeg har et forslag til navn på det nye sammenslåtte fylket, «**VESTFYLKET**».

Dette navnet bør sidefylkene kunne godta.

Mvh.

Tor Jørpeland

Direktør Sæthersgate 3

4100 Jørpeland

Tlf. 92887145

tbjoerp@frisurf.no

Fra: Irene Evensen (irene.evensen@online.no)

Sendt: 05.11.2017 10:31:37

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Navneforslag

Vedlegg:

Hei!

Kva med å kalle den nye fylkeskommunen for VESTFYLKET i staden for Vestlandet. Då burde ein unngå konflikt.

Mvh

Irene Evensen

Anita Fjellheim

Fra: Håkon <haak-lut@online.no>
Sendt: 7. november 2017 14:32
Til: Fylkesordfører
Emne: fylkesnavn
Vedlegg: Bokpresentasjon.docx

Fylkesordfører Anne Gine Hestetun

Navnet bør bli Midre - Vestland fylke.
Se innsendt artikkel til BT.

Lykke til.

Mvh Håkon Lutdal

Ps. Som en hilsen (for nytt mot) legger jeg ved en peresentasjon av min bok "Med ordet i sin makt - (osv)"
hl

----- Videresendt Melding -----

Fra: "Håkon" <haak-lut@online.no>
Til: debatt@bt.no
Sendt: 06.11.2017 16:14:33
Emne: fylkesnavn

BT ved debattredaktøren

Vennligst ta inn dette vedlegget.
Uendret.

mvh
Håkon Lutdal

Midre-Vestland fylke

Man trodde knapt sine egne ører da man som østlending i forrige uke hørte på Dagsnytt atten, og det kom frem at navnet på det nye fylket på Vestlandet ligger an til å bli, "Vestlandet". At saken ble didkutert mellom BTs sjefsredaktør og avisens politiske redaktør satte jo en ekstra spiss på det hele.

Men aldri har vel en ansvarlig redaktør, som "forklarte" valget av "Vestlandet", sagt så mye vrøvl på TV.

Navnet er jo helt høl i hue. "Vestlandet" er en avgrenset geografisk enhet, på samme måte som "Sørlandet".

Og kanskje enda mer enhetlig og typisk.

Fylkesnavnet er jo ikke til bruk bare for Hordalendinger og Sogn- og fjordinger.

Valget vil være til forvirring for hele Norge, for dem som bor i fylket, for resten av vestlendingene, og for oss som bor i andre landsdeler.

Hele landet har hevd på det gode og entydige landsdelsnavnet Vestlandet. Når en østlending opplever navnet som en språklig voldtekt,

kan man bare tenke seg hvordan idiotien føles for vestlendinger som bor nord og sør i landsdelen.

Det må innrømmes at det ikke er lett å finne et godt navn. Derfor iler jeg til med hjelp, som ligger så nært det foreslåtte at det bør kunne overtas på strak arm.

Navnet bør bli: "Midtre - Vestland" fylke.

mvh

Håkon Lutdal

Drammen